



Arkivnr: 2014/1441-8

Saksbehandlar: Bjørg Larsen, Tore Andersen, Britt Karen Spjeld

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		13.05.2014
Fylkesutvalet		20.05.2014

Fordeling av fylkeskommunalt investeringstilskot 2014

Samandrag

Av fylkesdelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv (2008-2012) går det fram at Hordaland fylkeskommune støttar utbygging av idrettsanlegg som har regional og nasjonal verdi. Det er løyvd kr 4 mill. til investeringstilskot til store og kostnadskrevjande idrettsanlegg der ein kan arrangere store nasjonale og internasjonale seniormeisterskap.

Det er 5 søkarar for 2014.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet i Hordaland fordeler løyvinga på kr 4 mill. i investeringstilskot til idrettsanlegg av regional og nasjonal verdi for 2014 slik:

Bergen kommune	Helleren bad- og symjeanlegg	kr	2 000 000
Bergen kommune	Bergen Tennisklubb	kr	1 500 000
Fjell kommune	Sartor Skytehall	kr	-
Stord kommune	Stord Hestesportsenter	kr	-
Voss kommune	Voss Ski- og tursenter	kr	500 000

Løyvinga skal førast over budsjettpost 10.400.410.09.14700 fylkeskommunalt investeringstilskot.

Johnny Stiansen
fung. fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.
Fylkesrådmannen, 29.04.2014

På fylkesbudsjettet for 2014 og i økonomiplanen 2014-2017 er det ført opp løyvingar til investeringstilskot til idrettsanlegg av regional og nasjonal verdi. Hordaland fylkeskommune sitt investeringstilskot skal medverke til at regionen utviklar kostnadskrevjande idrettsanlegg som har regional og nasjonal verdi, der ein kan arrangere nasjonale og internasjonale meisterskap for seniorar. Ordninga har søknadsfrist 15. mars.

Ordninga med fylkeskommunalt investeringstilskot har eksistert sidan 1993. Fylkesidrettsanlegg og regionale anlegg som tidlegare har fått fylkeskommunalt investeringstilskot til idrettsanlegg i Hordaland:

Seglsportsanlegg Hanøytangen (Askøy seilforening)	Askøy	3 300 000
Brann stadion	Bergen	2 000 000
Friidrettsanlegg Fana stadion	Bergen	2 500 000
Haukelandshallen	Bergen	1 000 000
Hovedanlegg symjing og stup (Helleren)	Bergen	2 000 000
Klatrevegg Bergenshallen	Bergen	1 700 000
Kunstisbane Slåtthaug	Bergen	2 300 000
Leikvang friidrettshall	Bergen	4 000 000
Motorsportsenter Eikås	Bergen	1 500 000
Vestkanten Curling-/Ishall	Bergen	5 000 000
Vestlandshallen	Bergen	10 000 000
Bømlo Motorsportanlegg	Bømlo	1 100 000
Sotra Arena	Fjell	1 000 000
Hustredalen motorcross	Stord	1 000 000
Stord Hestesportsenter	Stord	800 000
Turnanlegg Vikahaugane	Stord	2 000 000
Vikahaugane isbane	Stord	3 000 000
Sveio golfbane	Sveio	2 000 000
Tysnes Idrettshall	Tysnes	1 000 000
Fristilanlegg Myrkdalen	Voss	3 300 000
Hoppbakke Bavallen	Voss	350 000
Snøkanonanlegg Bavallen	Voss	2 500 000
Varmestove Bavallen	Voss	1 000 000
Roanlegg Vangsvatnet	Voss	900 000
Skutle (Voss Ski og tursenter) langrenn/skiskyttaranlegg	Voss	3 000 000
Skytebane Skjerve/Bjørke	Voss	3 000 000

I fylkesdelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2008-2012 vert ordninga med å gje status som fylkesidrettsanlegg ikkje vidareført. Behovet for større idrettsanlegg er stort og fylkeskommunen legg opp til å støtte utbygginga av idrettsanlegg som har regional og nasjonal verdi. Det er løyvd kr 4 mill. til investeringstilskot til store og kostnadskrevjande idrettsanlegg der ein kan arrangere store nasjonale og internasjonale meisterskap.

Vilkår for støtte

Hordaland fylkeskommune føreset tidleg dialog om utvikling av anlegget. Før tilsegn om fylkeskommunalt tilskot vert gjeve, er det ein føresetnad at det ligg føre ein godkjend spelemiddelsøknad.

Søknad om investeringstilskot skal sendast via kommunen og innehalde skildring av anlegget med finansieringsplan og kostnadsoverslag. Anlegget det vert søkt om støtte til, skal vere forankra i ein kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Om anlegget er forankra i ein regional plan, styrkjar dette søknaden. Søknaden skal og innehalde ei vurdering av anlegget sin nasjonale verdi, med uttale frå respektivt særforbund. Om det vert søkt om investeringstilskot til eit anlegg med regional verdi som finst frå før i Hordaland, er det opp til søkjar å skildre kva som skil anlegget i høve til det/dei som eksisterer. Storleik på støtta vert vurdert i høve til godkjend kostnadssum på spelemiddelsøknaden og tilskot frå andre fylkeskommunale støtteordningar. Hordaland idrettskrets er nytta som høyringsorgan.

Ved søknadsfristen 15. mars 2014 var det kome inn 5 søknadar.

Vurdering

Helleren - Hovudanlegg for symjing og stup, Bergen kommune

Bergen kommune og Hordaland Fylkeskommune samarbeider om prosjektet Amalie Skrams vidaregåande skule med idrettshall saman med nytt hovudanlegg for symjing og stup. Dette vert eit anlegg som tek vare på toppidretten sine høve samstundes som det vert eit viktig bidrag til folkehelsearbeidet i Bergen. Bygget er ferdig hausten 2014, og vil få status som hovudanlegg for symjing og stup i Noreg.

Status som hovudanlegg inneber at anlegget skal tilfredstille det internasjonale symjeforbundet sine lisenskrav til å arrangere internasjonale arrangement for symjing og stup. Norges Svømmeforbund skal fortrinnsvis legge nasjonale og internasjonale arrangement i symjing, stup, undervannsrugby, vannpolo m.m. til Bergen. Bergen Swim festival, ein internasjonal symjekonkurranse, skal årleg arrangerast der frå 2015.

Anlegget har fått tilsegn om kr 32,5 mill. frå Kulturdepartementet sitt anleggspolitiske program. I 2010 løyvde Hordaland fylkeskommune kr 10 mill. til dette anlegget frå fondsmidlar avsett i 2006/2007. I 2012/2013 løyvde Hordaland fylkeskommune kr 2,0 mill. i investeringstilskot. For 2014 er det 9 spelemiddelsøknadar knytt til anlegget for symjing og stup med ein godkjent søknadssum på kr 55,3 mill. Bergen kommune ber om ny vurdering av investeringstilskot frå Hordaland fylkeskommune slik at fylkeskommunens samla bidrag til prosjektet auker til minimum kr 20,6 mill. Total kostnad på anlegget er kr 1 058 000 000,-.

Fylkesrådmann tilrår å støtte søknad til hovudanlegget for symjing og stup med kr 2 mill. for 2014.

Bergen Tennisarena, Bergen kommune

Bergen Tennisarena vart bygd for å dekke behova både for bredde- og eliteidrett. Bygget vart ferdig hausten 2013. Det er eit av få innandørs tennisanlegg i Norge som kan arrangere dei aller største internasjonale tennisturneringar.

Norges Tennisforbund bekreftar at Bergen Tennisarena er eit veldig flott og framtidretta idrettsanlegg. Norges Tennisforbund uttalar at Bergen Tennisarena vert tildelt nasjonale turneringar som Noregsmeisterskap og Norges Cup og internasjonale ATP/WTA i åra som kjem. Bergen Tennisarena er i tillegg som ein sterk kandidat til å arrangere heimekampar i Davis Cup. Noregsmeisterskap for senior – innandørs er til delt Bergen Tennisarena i 2015.

Endelig byggesum for hallen er omlag kr 63 mill. inkl mva. Det er sendt inn 3 søknadar om spelemidlar for 2014 på kr 15,7 mill., 2 godkjende på totalt kr 15,0 mill. Bergen Tennisarena søker om tilskot på 15% av byggekostnadane tilsvarande kr 9 mill.

Fylkesrådmann tilrår å støtte Bergen Tennisarena med kr 1 500 000,- for 2014.

Sartor skytehall, Fjell kommune

Sartor skytehall er den einaste innandørs skytehall på Vestlandet, og einaste anlegg i Norge med ein slik kombinasjon av moglegheiter innanfor skyting. Hallen har tidlegare husa eit NM, uttak til VM i skyting og 2 nordiske meisterskap for veteranar. Norges Skytterforbund bekreftar at Sartor Sportsskytterlag sin innandørs skytebane har nødvendig kapasitet og tilfredsstillende krava til å arrangere Noregsmeisterskap i fleire av greinøvingar. Skytebane vil og som einaste innandørs skytebane i regionen har kapasitet til å kunne arrangere internasjonale stevner.

Sartor skytehall søker investeringstilskot for å fullfinansiere boring av energibrønner og montering av varmpumpeanlegg/varmegjenvinning. Totalkostnad kr 1,2 mill. I periodar har temperaturen i hallen vore nede i null grader. Straumutgifter på 60-90 000,- i året. Det er sendt inn søknad om spelemidler for 2014 for elskiver på kr 0,8 mill. Sartor Sportsskytterlag søker om kr 700 000,- frå det fylkeskommunale investeringstilskotet.

Fylkesrådmann tilrår ikkje å støtte Sotra Skytehall i 2014, avdi energibrønner/varmepumpar fell utanfor ordninga for støtte til kostnadskreivjande idrettsanlegg.

Stord Hestesportsenter, Stord kommune

Stord Hestesportsenter er under etablering på Stord. Senteret har 7 ulike anleggseiningar. Det vil verta det einaste heilårsanlegget i Sunnhordland.

Norges Rytterforbund ser på Stord hestesportsenter som hovudanlegg for Sunnhordland. Norges Rytterforbund uttalar og at anlegget dekker aktivitetsbehovet til mange mindre greiner (islandshest, kjøring mm) og vil ved ferdigstilling ha tilfredsstillende arenaer for å arrangere nasjonale meisterskap i fleire greinar. Hordaland Rytterkrets meiner anlegget til Bergen Rideklubb på Sletten ved Bergen bør vere hovudanlegget i Hordaland, og seier det er det einaste anlegget som kan arrangere nasjonale meisterskap og større nasjonale og internasjonale ridestevner.

Total kostnad på anlegget vert kr 25 mill. Det er sendt inn 7 spelemiddel søknader på totalt kr 5,8 mill. Stord Hestesportsenter fekk i 2012 kr 4 mill. i programsatsingsmidlar frå Kulturdepartementet og kr 800 000,- i 2013 i fylkeskommunalt investeringstilskot.

Fylkesrådmann tilrår ikkje å støtte søknaden i 2014, avdi Stord Hestesportsenter ikkje er tildelt store nasjonale eller internasjonale stevner, og det er fleire andre betre søknadar i 2014.

Voss ski- og tursenter, Voss kommune

Voss ski- og tursenter er fylkesanlegg for langrenn og skiskyting i Hordaland. Dei har arrangert NM på ski i 2012 og NM i skiskyting i 2014. I samband med NM i skiskyting sende NRK direkte frå arrangementet. Voss ski- og tursenter måtte skaffe seg betre løysingar for å kunna overføre skyteresultatata grafisk til fjernsynsskjerm. Voss ski- og tursenter fekk eit betre produkt å tilby i samband med regionale og nasjonale samlingar og renn, kvar einskild skiskyttar får betre oversikt over sine skyteresultat i renn og på trening. Dette er framtidsretta då det er denne vegen utviklinga går med omsyn på skytebanar.

Totalkostnad på elskiver er kr 1,4 mill. Dei har ein godkjent spelemiddel søknad på kr 300 000,-.

Fylkesmann tilrår å støtte Voss ski- og tursenter med kr 500 000,-